



MØRE OG ROMSDAL  
BONDELAG

# Årsmelding 2022

## Gode medlemmer!

**Aldri før** har vel appene *yr.no* og *storm.no* blitt hyppigere brukt blant våre matprodusenter rundt om i fylket enn sommeren 2022. Året 2022 blir vel ikke bare husket som den våteste på mange tiår, med de utfordringene det medførte, men også året da kostnadene skjøt i været. Regjeringen fulgte opp intensjonen i Hurdalsplattformen og leverte et jordbruksoppgjør med en stor ramme. Men sett i ettertid så har den økende kostnadsveksten tatt det som skulle bli næringens inntektsvekst og første steget i en viktig snuoperasjon. Aldri før har vel så mange talt på knappene og meldt tilbake om svak likviditet og en usikker fremtid som utøvere av verdens viktigste næring. Med dagens usikkerhet rundt oss, både med krig i Europa, stadige større klimautfordringer og økt befolkning MÅ vår egen matproduksjon også prioriteres sterkt av regjeringen de kommende årene.

I **jordbruksoppgjøret 2021** ble partene enige om at det skulle settes ned et utvalg for å beregne bondens inntekt, det såkalte Gryten-utvalget. Rapporten ble fremlagt den 3. oktober 2022, og etter det har Bondelaget kjørt en grundig høringsprosess i hele organisasjonen. Vi i fylkesstyret sendte saken ut til alle lokallag, og mange sendte innspill. Ut fra innspillene og fylkestyrets vurderinger ble vårt forslag sendt styret sentralt. Det var stort engasjement rundt saken og innspillene varierte mye.

**Fylkeslaget har også i år** hatt et tett samarbeid med fylkeskommunen og med landbruksavdelingen hos Statsforvalteren. Vi har jobbet tett opp mot ny fylkesstrategi for landbruk, revidering av ordningene i RMP, og prioriteringene i IBU-ordningen. Samarbeidet fungerer godt, og vi i fylkeslaget føler oss hørt og møtt på næringens vegne i mange saker som er viktige for våre medlemmer.

**Hjorten har vært** en stor utfordring for aktive næringsutøvere i mange kommuner i vårt fylke. Derfor var det ekstra gledelig da vi sammen med Vestland Bondelag gjennom møter med Landbruksdirektoratet våren 2022 fikk på plass en prøveordning med fri avskyting av hjortekalv for de kommunene som ville søke. Mange kommuner benyttet seg av ordningen, og det blir spennende å se hvor stor effekten av dette blir.

**Jerv og gaupe** er også et problem for en del småfprodusenter i deler av vårt fylke. Vi ser at det har blitt lettere å få forståelse fra staten for mange av innspillene våre til forvaltningen av disse rovdirene. Blant annet



ble det i høst åpnet for felling av jerv under reinsjakt, noe som øker sjansene for uttak. Men mye gjenstår for at vi skal nå de nasjonale målsettingene med bestandsstørrelser, så her må det jobbes kontinuerlig for å oppnå resultater.

**Veterinærdekningen** har i mange områder i fylket blitt en utfordring de siste årene. Mange områder har nå store problemer med å fylle alle dagene med veterinær på vakt. Dette fører til store utfordringer i næringen, og fylkeslaget har tett dialog med Bondelaget sentralt og med fylket om situasjonen. Her må det nye virkemidler til hvis vi skal få til en løsning på situasjonen. Det jobbes nå med forskjellige muligheter og løsninger, og vi håper å få til ordninger både på kort og lang sikt.

**Etter årets jordbruksforhandlinger** ble det satt ned en referansegruppe i Bondelaget som skal se på ordningen rundt privat salg og leie av melkekvoter. Jeg er med i denne gruppen, som skal være klar med en rapport i løpet av februar/mars. Vi skal se på hvordan vi kan senke kostnadene og øke eierandelen for den aktive melkeprodusenten.

**Til slutt vil jeg si** at vi går et spennende og viktig år i møte. Innen 1. januar 2024 skal alle bås fjøs gjennom en omstilling for å møte de nye kravene i holdforskriften for storfe som trer i kraft. For at vi skal greie å få med oss flest mulig videre, blir det viktig at vårens oppgjør gir våre medlemmer økonomi og fremtidsstro til å drive videre. Skal vi lykkes med dette, er det viktig at vi som tillitsvalgte fortsatt trykker på. Økt inntekt og bedre velferdsvilkår er fortsatt fylkestyrets hovedfokus, og vi er helt avhengige av stort engasjement fra dere i lokallagene om vi skal lykkes. Her må vi stå sammen, og det er viktig for meg og styret at dere medlemmer er synlige i media både på trykk og på nett for at vi skal få gjennomslag for våre saker. Dere i lokallagene er hjertet i organisasjonen, og uten deres engasjement og tilbakemeldinger så minker fylkestyrets påvirkningskraft.

Konrad Kongshaug  
Fylkesleder i Møre og Romsdal Bondelag

## Fylkesstyret i Møre og Romsdal Bondelag

I 2022 har fylkesstyret bestått av Konrad Kongshaug (leiar), Ørjan Stenerud, Hilde Kjersem Kolberg, Anna Håland Berget (nestleiar), Nelly Marie Ytterli (Bygdekvinnelaget), Audun Skjervøy og Jan Henrik Moen. Her har dei nettopp fått ei gladmelding.



## Årsmøtet i Norges Bondelag

På årsmøtet på Lillehammer hadde vi innlegg både om grøntproduksjon, velferdsordningar og inntekt. Her ser vi årsmøtedelegasjonen frå Møre og Romsdal: Ørjan Stenerud, Nina Kolltveit Sæter, Kristin Gilje Sandnes, Kjersti Fløystad Ellingsgård, Ronald Slemmen (Norsk Sau og Geit), Anna Håland Berget, Konrad Kongshaug, Inge Martin Karlsvik (Norske Landbruksstjenester) og Vegard Smenes (Geno).

## Samvirkekonferansen 2022



I november arrangerte Midtnorsk Landbruksråd samvirkekonferanse for Midt-Norge. Hovedtema var utfordringer og muligheter i samvirkefamilien. Det var innledere fra Norges Bondelag, de største samvirkene og Norgesgruppen, med påfølgende paneldebatt. En fin anledning for faglig og sosialt påfyll, på tvers av produksjoner og organisasjoner.

*Fylkesstyremedlem Hilde Kjersem Kolberg på Samvirkekonferansen 2022*



*Jordbær frå Valldal*

## Felles grøntutvalg

Høsten 2022 vedtok fylkesstyrene i Vestland Bondelag og Møre og Romsdal Bondelag å opprette et felles grøntutvalg. Møre og Romsdal har ikke tidligere hatt eget grøntutvalg. Det nye utvalget består av fem medlemmer, der to skal være fra Møre og Romsdal. Fylkesstyret i Møre og Romsdal har oppnevnt Audun Skjervøy (jordbær- og potetprodusent i Valldal) og Øyvind Brende (gulrotprodusent på Smøla) til å sitte i utvalget fra vårt fylke.

Det felles grøntutvalget skal være et rådgivende organ for fylkesstyret og fylkeskontoret i saker som handler om produksjon av frukt, bær, grønnsaker og potet. Utvalget skal utarbeide innspill til jordbruksforhandlingene, og kan ellers ta opp saker de mener er aktuelle. Fylkesstyret i Møre og Romsdal Bondelag mener at grøntnæringen i fylket vil ha større gjennomslagskraft gjennom et felles grøntutvalg, og ser frem til samarbeidet med Vestland Bondelag.

## Velferdsordningar

Anna Håland Berget, nestleiar i fylkesstyret, var med i ei arbeidsgruppe i Norges Bondelag som vinteren 2021 - 2022 såg på korleis tilskotsordningane for avløyning i samband med både sjukdom og fødsel kan styrkast. Rapporten vart lagd fram i februar og låg til grunn for forhandlingsutvalet sitt arbeid fram mot jordbruksoppgjæret 2022.

- At vi vart involvert i dette arbeidet, ser vi som ei anerkjening av engasjementet vårt og av det arbeidet vi allereie hadde gjort. Vi ser at både funna våre og forslaga våre har kome med i rapporten. Det vi fekk gjennomslag for i jordbruksoppgjæret 2022, var ein vesentleg auke av dagsatsen og ei utviding av retten til avløyartilskot når ein har sjukt barn.



*Anna Håland Berget og Hilde Kjersem Kolberg med Josefina på armen*

## Godt synlege i media



Næringa har vore godt synleg i media gjennom året. Mange av lokallaga har god kontakt med lokalavisene og får fram gode saker. Det har også vore mange fine innslag i NRK Møre og Romsdal, både i radioen og på kveldssendingane på TV. Tema som inntekt og velferdsordningar har vore mykje framme. Det same har jordvern, hjort og utfordringar knytte til alt regnvêret vi hadde i sommar.

*Øyvind Sæbjørnsen frå NRK intervjuar Konrad Kongshaug om konsekvensane av den våte sommaren*



*Marthe Holthe Sirivik saman med Bjørn Gimming i morgonsola framfor Stortinget*

## Ung bonde - tydeleg tale

Det var godt oppmøte då Norges Bondelag inviterte til frukost framfor Stortinget i april. Mange stortingspolitikarar og fleire statsrådar møtte opp og fekk servert både god, norsk mat og tydelege appellar. På plass i morgonsola framfor Stortinget var også Marthe Holthe Sirivik frå Averøy Bondelag som fortalte levande og engasjert om korleis det er å vere ung bonde som har nyinvestert. Marthe fekk mykje god merksemd i media og var også gjest i Landbrukspodden i etterkant.

## Arbeid med jordvern i lokale bondelag

Av dei mest typiske og vanlege jordvern- og arealsakene som lokale bondelag blir engasjerte i, er vegutbygging og etablering eller utviding av bustadfelt. Dei lokale bondelaga som har hatt mest med slike saker å gjere i seinare tid, er Ørsta Bondelag, som har engasjert seg i planane om utviding av bustadfelt på Øvre Mo, og Gjemnes Bondelag, som har engasjert seg i planane om framføring av ny E39 gjennom Batnfjordsdalføret.

Ørsta Bondelag har gjort ein god jobb i arealplanprosessen og vore svært uthaldande talspersonar for at dyrkajorda er landbruket sitt næringsareal, og at det ikkje er rett å ta av dyrkajord til bustader.

Gjemnes Bondelag har følgd prosessen med ny E39 over lang tid og vore ein av dei sterkaste lokale pådrivarane for å finne best mogelege løysingar for framføring av ny veg, m.a. gjennom å presentere eit konkret og gjennomarbeidd innspel til val av trasé.



*Vegard Lystad, Lars Olav Vanberg, Elias Moe og Svein Gunnar Myklebust frå Ørsta Bondelag er på synfaring*

## Gode lesarinnlegg med mange lesarar

I forkant av jordbruksforhandlingane skreiv Audun Skjervøy og Anna Håland Berget frå fylkesstyret kvart sitt lesarbrev som kom på trykk i svært mange aviser over heile fylket. Innlegga handla om inntekt og om velferdsordningar.

## Andre gode eksempel frå lokallaga

Under leiarmøtet i november fekk vi høyre mange gode eksempel på aktivitet i lokallaga. Surnadal Bondelag fortalde korleis dei i samarbeid med kommunen og andre aktørar har arbeidd med opprydding etter Gyda sist vinter. Og Hornindal Bondelag fortalde om avløysarkurs for ungdomsskuleelevar. Kurset er lagt opp som valfag og er eit samarbeid mellom skulen, ulike fagpersonar som deltar i undervisninga, og seks bønder som har med elevar i fjøset på kveldstid. Dette skuleåret er det 13 elevar som deltek. Snakk om flott rekrutteringsarbeid!



## Sammen har vi tatt vare på det norske landbruket i over 60 år

Forsikring Pensjon

- Som medlem av Norges Bondelag får du
- minst 20 % på private skadeforsikringer
  - 20-40 % rabatt på landbruksforsikringer
  - god pris på pensjonsordningar
  - tilgang på Norges Bondelags Cyberforsikring

Les mer på [gjensidige.no/bondelaget](https://gjensidige.no/bondelaget).

## Bondelunsj med politikarbesøk

I forkant av jordbruksforhandlingane var det duka for måltid og politisk prat på Bolsøya då Molde Bondelag inviterte til Bondelunsj med besøk av Jenny Klinge. Samtalen - som mellom anna handla om kostnadskompensasjon, inntektsauke og investeringsmidlar

var prega av ein god, men litt utolmodig tone, med ærlege spørsmål og tilbakemeldingar. Mjølkebøndene Kjersti Fløystad Ellingsgård og Amund Bjørkli var vertskap. Vêret spelte på lag og laga ei god ramme rundt måltidet og praten.



Jenny Klinge under tuntreet på vårens vakraste utelunsj

## Mediekurs, lokallagsskole og leiarmøte

I september var alle lokale tillitsvalde inviterte til mediekurs og lokallagsskole i Molde. Kurserne har vore etterspurde av dei tillitsvalde, og fylkeslaget har ønskt å prioritere kompetansebygging for lokale tillitsvalde. Oppslutninga om kursdagane kunne absolutt ha vore større. Men for dei som var med, gav det nyttig input og fagleg og sosialt fellesskap.

Leiarmøtet i november var lagt opp som ein landbrukspolitisk verkstad. I tillegg brukte vi ein god del tid på korleis vi kan drive godt lokallagsarbeid.



Lang kø av barn som vil male korn

## Mykje folk og stor stas

Etter nesten to år med strenge restriksjonar var det i 2022 igjen mogleg å samle folk til store arrangement. Fleire av lokallaga gjorde ein kjempeinnsats for å førebu og gjennomføre Matfestivalen, Dyregoddagane og Open Gard. På Matfestivalen stod barnehagebarn i kø for å få male korn. Dette var stor stas og eit fint utgangspunkt for å snakke om kor maten kjem i frå. Og mjølet, ja, det vart med tilbake til barnehagen i ein brun papirpose, der det vart til graut eller vaflar.

## Samanslåing av lokallag

I løpet av det siste året har fleire lokallag slått seg saman. Det vil ofte vere eit visst vemod knytt til slike endringar. Samtidig er det også noko å hente, til dømes i kontakten med den kommunale forvaltninga i nye storkommunar. På vårparten vart Nordre Sunnmøre Bondelag skipa då dei fire

Bondelaga Harøy / Fjørtoft, Hildre / Vatne, Skodje og Ørskog slo seg saman. Og i samband med årsmøta i haust valde Midsund Bondelag og Molde Bondelag å slå seg saman. Indre Storfjord Bondelag og Lia-bygda Bondelag har også gjort vedtak om samanslåing.

## Historietime og jubileum

Under leiarmøtet i november tok vi oss tid til ein lett og ledig, og samtidig innholdsmetta, historietime på ettermiddagen, der Harald Velsand gjekk gjennom viktige milepålar i Norges Bondelags historie. Dette vart ein fin overgang til middagen på kvelden, der vi markerte at det i år er 75 år sidan Møre og Romsdal Bondelag vart skipa. Gjennom kåseri og talar fekk vi sjå både bakover og framover. Vi nytta også høvet til å takke av Ole Houlder Rødstøl, samarbeidsadvokaten vår gjennom mange år.



Konrad Kongshaug takkar av samarbeidsadvokat Ole H Rødstøl



## Lokalt tilstede for lokallaget

**Økonomi i landbruket, finansiering, forsikring, sparing eller gårds-overdragelser som tema på neste medlemsmøte?**

Våre distriktssjefer har lang erfaring fra landbruket, og er spesialister på finansiering, forsikring og eiendomsmegling for landbruk. De deler gjerne av sin kompetanse til ditt lokallag – om det er medlemskveld, gårdsbesøk eller årsmøte.

Finn din distriktssjef på [landkreditt.no/distriktssjefer](http://landkreditt.no/distriktssjefer)

Booke en distriktssjef til medlemsmøtet?

Sjekk mer på [landkreditt.no](http://landkreditt.no) eller ring oss på 23 00 08 00

Landkreditt

### LOKALLAGSKONTO

Husk! Vi tilbyr konto til lokallaget med gode betingelser. Det er enkelt å opprette og å bytte disponenter når kassereren byttes.

Les mer på: [Landkreditt.no/lokallagskonto](http://Landkreditt.no/lokallagskonto)

## Sykkylven Årets lokallag 2021

Lokale bondelag har ei unik moglegheit til politisk arbeid lokalt. Lokallaga har både den lokalkunnskapen og det nettverket som skal til for å arbeide godt opp mot lokale politikarar og administrasjonen i kommunen. Lesarinnlegg eller oppslag i lokalaviser får også større effekt når det er lokale folk som uttaler seg. Slik gjer lokallaga eit viktig arbeid som verken fylkesleddet eller sentrallleddet i organisasjonen kan få gjort. Årets lokallag har jobba godt med denne sida av lokallagsarbeidet.

I tillegg til faglege, sosiale og praktiske aktivitetar retta mot eigne medlemmer - som studiering, bondepub, grillkveld og felles bestilling av kalk - har Årets lokallag engasjert seg i eit breitt spekter av saker lokalt. Årets lokallag stilte også opp med beredskap og handtering av media i samband med ei svært tragisk ulykke i landbruket lokalt.